

## **Innspel frå miljøavdelinga i Øygarden kommune til «Er det behov for ytterligere regler om bestandsregulering for høstbart vilt?»**

Det har over lang tid vore nedgåande slaktevekter for mellom anna hjort i heile landet, samtidig som at bestanden aukar. Alderen på hjorten kjem skjeldant over 6 år, sjølv om vi veit at den kan verte over 20 år. Dette førar til uheldig utvikling over tid, med fallande og låge slaktevekter over tid, med dårleg overvintringsevne for kalvar med vidare.

For å få bukt med skjeivheitane i bestandane i Noreg, må det regulerast betre i lova kva dyr som kan fellast for sport. Det bør setjast krav om godt nok kunnskapsgrunnlag for å få hauste vilt, det vil sei kunnskap om bestanden i området. Det bør setjast strengare vilkår for når ein kan felle kronhjort/eldre koller som det erfaringsmessig vert skotne for mange av i forhold til yngre dyr pga ynskje om større mengde kjøt og trofé/gevir. Dette har samanheng med at kommunen (med unntak av spissbuk) ikkje kan skilje mellom eldre og yngre bukk i fellingsløyver. I forarbeida frå 1970-talet vert det vist til dei same problemstillingane vi ser den dag i dag. Dette tilseier at lovens formål ikkje fungerer optimalt og at det er behov for å endra reglane for bestandsregulering for å oppnå ønska utvikling av bestandane. Viltlova bør ha som formål å sikre viltet og naturmangfaldet for framtidige generasjonar, noko som inneber å sikre biologisk forsvarleg evolusjon av dyra kor ein får ein større andel vaksne dyr i stammene og høgare slaktevekt på kalvane.

Det er viktig at hjorten vert forvalta i større bestandsplanområde. Det bør setjast krav i lova om at valda skal inngå i større bestandsplanområde. Erfaring tilseier at ein ikkje klarar å oppnå målsetningane om å få etablert bestandsplanområder for forvaltning av hjort over større område viss det kunn er basert på frivilligheit frå grunneigarane. Vår erfaring tilseier at det skal lite til før samarbeid basert utelukkande på frivilligheit raknar for eksempel på grunn av ueinigheit mellom naboar. I 2022 lukkast ein endeleg med å samle 98% av jaktbart areal i Øygarden kommune i eit bestandsplanområde etter at fleire tidlegare forsøk dei siste 15 åra hadde mislukkast på grunn av at grunneigarar ikkje kunne bli einige om samarbeid. Lovverket må gje sterkare føringar for etablering av bestandsplanområder i kommunar og regionar. Kommunen kan til dømes få myndigheit til å fastsetje størrelse og grenseoppdragning for bestandsplanområde for hjort og andre artar.

Lova må forankrast vitskapleg – ut frå biologi og datagrunnlag. Kva som skal vere formålet må fastsetjast ut i frå dette.